

KOSTRA landbruk

Ei vurdering av rapporteringa for 2015

RAPPORT NR. 16 / 2016
30.06.2016





Rapport: KOSTRA landbruk

Avdeling: Ressurs og areal

Dato: 01.07.16

Ansvarleg: Aud-Ingrid Krefting

Bidragstatarar: Astrid Elin Halse og Jan Terje Strømsæther

Rapport-nr.: 16/2016

Fosidefoto: Landbruksdirektoratet

Innholdsliste

Samandrag	3
1 Innleiing	5
2 Omdisponering av jordbruksareal	6
2.1 Politiske mål	6
2.2 Omdisponert areal i 2015	6
2.3 Formål areala vert omdisponerte til	11
3 Jordlova – talet på saker og utfall	14
3.1 Omdisponeringssaker	14
3.2 Delingssaker	17
3.3 Nydyrking	20
3.4 Driveplikt	22
4 Konesjonslova – talet på saker og utfall	24
4.1 «Vanlege» søknader om konsesjon (ikkje nedsatt konsesjonsgrense)	24
4.2 Søknader om konsesjon der søkaren er eit aksjeselskap/ASA	26
4.3 Saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd	27
4.4 Nedsett konsesjonsgrense	30
4.5 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft	33
5 Kvalitet på talmaterialet	35
5.1 Foreløpige og endelege tal	35
5.2 Kvalitetssikring og evaluering	35
5.3 Tiltak for bedre kvalitet i rapporteringa	37

Vedlegg I: KOSTRA-tal

Vedlegg II: Spørreundersøkelse om krav til reguleringsplan i utbyggingsområder i kommuneplanens arealdel

Vedlegg II: KOSTRA skjema 32 landbruk

Samandrag

KOSTRA (KOMmune–STAT-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir opplysningar om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane har sidan 2005 rapportert på eige landbruksskjema gjennom KOSTRA. I tillegg til rapportering på godkjent omdisponert dyrka og dyrkbart areal etter jordlova og plan- og bygningslova (pbl.), rapporterer kommunane òg på saksarbeid etter jordlova og konsesjonslova.

Nøkkeltal

I 2015 rapporterte kommunane å ha omdisponert 6 341 dekar dyrka jord og 6 287 dekar dyrkbar jord. Totalt gjev dette ei omdisponering på 12 628 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk i 2015. Dette er 631 dekar meir dyrka jord, og 2 010 dekar meir dyrkbar jord, enn i 2014.

Tala for omdisponering av dyrka jord i 2015 ligg 11 % høgere enn tala for 2014, då talet var 5 710 dekar.

Tala for 2015 viser ein større andel samla omdisponering etter jordlova enn tidlegare år. Dette kjem fyrst og fremst som følgje av ei stor omdisponering av dyrkbar jord gjennom jordlova til vindkraftanlegg i Rogaland. Omdisponeringa av dyrka jord etter jordlova er om lag på linje med tidlegare år.

For 2015 ser vi at det på same måte som tidlegare år er bustader, næringsbygningar og samferdsel som står for størst forbruk av dyrka jord. Desse formåla stod for 66 % av den omdisponerte dyrka jorda i 2015. Nytt i år er at forsvarsformål står for heile 10 % av omdisponeringa. Dette skuldast utbygging av kampflybasen på Ørland.

Sør-Trøndelag er fylket der det samla sett vart omdisponert mest dyrka jord i 2015, til saman 1 426 dekar. Deretter følgjer Rogaland og Oppland, der det vart omdisponert høvesvis 1 336 dekar og 663 dekar dyrka jord. Kommunane i desse tre fylka stod for ca. 54 prosent av total omdisponering av dyrka jord nasjonalt i 2015.

Kommunane handsama 1 257 omdisponeringssaker (jordlova § 9) i 2015. Mengda saker i 2015 var høgare enn i 2014, men samstundes lågare enn mengd saker i kvart av åra 2006 - 2013. Gjennomsnittleg avslagsprosent for heile landet dei siste åra har vore ca. 10 %.

I 2015 vart det handsama 4 113 delingssaker (jordlova § 12). Dette er noko høgare enn mengd saker dei to siste, men lågare enn kvart av åra 2006-2012. Avslagsprosenten for heile landet har dei siste åra lege på rundt 7 %.

På landsbasis vart det godkjent nydyrking av i alt 18 139 dekar i 2015. Gjennomsnittsarealet som vert tillate oppdyrket i kvar enkelt sak var 21,5 dekar. I 2015 vart det behandla i alt 854 søknader om nydyrking. 11 søknader vart avslegne.

Dei høgaste tala for godkjent nydyrkingsareal i 2015 finn vi i kommunane i Hedmark (3 254 dekar), Oppland (2 897 dekar) og Nord-Trøndelag (2 368 dekar). Kommunane i desse tre fylka står for 47 % av alt tillate nydyrka areal i 2015.

I 2015 vart det handsama i alt 25 søknader om fritak frå driveplikt. Det vart løyvd 14 varige fritak frå driveplikta. 11 søknader vart avslått. I tillegg er det fatta 5 vedtak om å gje pålegg om bortleige etter jordlova § 8 tredje ledd. Talet på saker om oppfølging av driveplikta er merkbar lågare i 2015 enn i tidlegare år.

I 2015 vart det handsama i alt 2 615 søknader om «vanleg» konsesjon i kommunane. Til saman 2 567 søknader vart innvilga, korav noko over halvparten vart innvilga utan vilkår. Avslagsprosenten i 2015 var ca. 2 %.

I 2015 vart det behandla i alt 38 saker der konsesjonssøkar var eit AS eller ASA. Av desse vart 34 saker innvilga og 4 saker vart avslegne.

I 2015 vart det behandla i alt 307 søknader om konsesjon etter konsesjonslova § 9 siste ledd. Dette er saker der søkaren i utgangspunktet kan ta over eigedomen konsesjonsfritt, men der ho/han ikkje kan eller vil busette seg der. Vedkommande må da søke om konsesjon. Av desse søknadene vart 94 innvilga utan vilkår, 187 søknader var innvilga med vilkår og 26 søknader vart avslegne. Dette gir ein avslagsprosent på 8,5 %.

I 2015 har i alt 47 kommunar oppgitt at dei har ei forskrift om nedsett konsesjonsgrense (buplikt) etter konsesjonslova § 7. I 2015 vart det behandla i alt 54 saker av kommunane med heimel i slik forskrift, der 48 saker vart innvilga og 6 saker avslegne.

Kvalitet på årets rapportering

Svarprosent og utfyllingsgrad i skjema er vorte betre dei seinare åra, og Landbruksdirektoratet antek at kvaliteten på talmaterialet som eit følgje av dette òg gradvis har vorte betre. Ved frist for endeleg rapportering i juni 2015 mangla det svar frå tre kommunar.

Manglande innrapportering frå kommunar kan gje underrapportering i talgrunnlaget. Andre moglege feilkjelder i rapporteringa kan vere uriktig storleik på areal, og mengd og utfall av saker, i rapporteringa frå dei ulike kommunane.

Tiltak som kan forbetra kvaliteten på tala

KOSTRA-tala er sentrale for å vurdere om vi når måla innan jordvern- og eigedomspolitikken. Det er difor viktig å arbeide vidare med å sikre god kvalitet i rapporteringa.

Skjemaet og rettleiinga bør årleg gjennomgåast med tanke på klargjering og forenkling, slik at feilrapportering og underrapportering i størst mogleg grad unngås.

Overgang frå manuell rapportering til arealrapportering via digitale reguleringsplanar, og innhenting av data om enkeltsakene frå saksarbeidssystemet til kommunane, er tiltak som på sikt vil kunna virke best for å forbetre kvaliteten på rapporteringa.

1 Innleiing

KOSTRA (KOMmune–STAT-RAPportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir opplysningar om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane har sidan 2005 rapportert på eige landbruksskjema gjennom KOSTRA. Det vert rapportert på omdisponert dyrka og dyrkbar jord etter plan- og bygningslova (pbl.) og jordlova, og dessutan på øvrig saksarbeid etter jordlova og konsesjonslova.

Denne rapporten dekker rapporteringa for 2015. Rapporteringsskjemaet for 2015 er vist i vedlegg III bakerst i rapporten.

KOSTRA gjev informasjon om utfallet av handsaminga til kommunen av dei ulike sakstypene, og dette vert rapportert for kvar sakstype for heile året under eitt. Det vert ikkje lagt inn opplysningar om kvar enkelt sak.

Vi har ikkje referert heile talmaterialet frå landbruksskjemaet i denne rapporten. Dette finst på KOSTRA-sidene hos SSB. Vi har teke med eit utdrag av data for 2015, og dessutan nokre nasjonale tidsserier og fylkesvise tal. Desse er vist i vedlegg I.

I kapittel 2 vert det gjeve eit oversyn over dyrka og dyrkbart areal som er vedteke varig omdisponert til andre formål enn landbruk.

I kapittel 3 vert det gjeve eit oversyn over tal på saker og utfall av saker handsama etter jordlova.

I kapittel 4 vert det gjeve eit oversyn over tal på saker og utfall av saker handsama etter konsesjonslova.

I kapittel 5 gir Landbruksdirektoratet vurderingar knytta til kvaliteten på dei innrapporterte tala, samt forslag til forbetringar.

2 Omdisponering av jordbruksareal

2.1 Politiske mål

Noreg har avgrensa areal for matproduksjon. Det har lenge vore eit politisk mål å verne om god dyrka og dyrkbar jord, og å avgrense den årlege omdisponeringa av dyrka jord til under 6 000 dekar, jf. forslag til nasjonal jordvernstrategi (Prop. 127 S (2014 – 2015)).

Ved handsaminga av forslag til nasjonal jordvernstrategi 8. desember 2015 gjorde Stortinget vedtak om at jordvernmålet skulle styrkast. Stortinget fastsette målet for maksimal årleg omdisponering til 4 000 dekar dyrka jord, og sa samstundes at dette målet skal bli gradvis nådd innan 2020.

Dyrka jord omfatter fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, dvs. jordbruksareal.

Dyrkbar jord er areal som ved oppdyrking kan setjast i slik stand at dei vil halde krava til fulldyrka jord, og som held krava til klima og jordkvalitet for plantedyrking. Dyrkbar jord kan være overflatedyrka jord, innmarksbeite, skogareal, anna jorddekt fastmark, myr og torvmark.

Kjelde: Nibio

2.2 Omdisponert areal i 2015

Nasjonalt nivå

Tala som kommunane rapporterer inn viser til vedtak om *omdisponering etter jordlova* og *vedtekne reguleringsplanar etter plan- og bygningslova*. Kommunane rapporterer ikkje på areal som vert lagde inn som byggeområde i kommuneplanen sin arealdel. Det kan dermed gå noko tid frå kommunar vedtek nye byggeområder i LNFR-område i kommuneplanen sin arealdel, til areala vert regulert og vist i omdisponeringsstatistikken her.


I 2015 rapporterte kommunane å ha omdisponert 6 341 dekar dyrka jord og 6 287 dekar dyrkbar jord. Totalt gjev dette ei omdisponering på 12 628 dekar dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk. Dette er 631 dekar meir dyrka jord, og 2 010 dekar meir dyrkbar jord, enn i 2014.

Tala viser areal som gjennom vedtak er omdisponerte til anna arealformål enn landbruk, som til dømes bustader, forretning, logistikk eller samferdsel. Areal som omdisponeras til skogplanting, eller som regulert til landbruksformål, er ikkje med i tala.


Tabell 1: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk etter jordlova og plan- og bygningslova 2007-2015, dekar.

	Samla omdisponering jordlova og PBL			Plan og bygningslova (PBL)			Jordlova		
	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Sum dyrka og dyrkbar jord	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Sum dyrka og dyrkbar jord	Dyrka jord	Dyrkbar jord	Sum dyrka og dyrkbar jord
2007	8 510	6 611	15 121	5 873	5 066	10 939	2 637	1 545	4 182
2008	7 900	7 045	14 945	5 691	5 553	11 244	2 209	1 492	3 701
2009	8 308	4 690	12 998	6 470	3 649	10 119	1 838	1 041	2 879
2010	6 687	5 556	12 243	5 273	4 635	9 908	1 414	921	2 335
2011	6 648	3 894	10 542	5 273	3 052	8 325	1 375	842	2 217
2012	6 567	4 643	11 210	5 265	3 946	9 211	1 302	697	1 999
2013	5 620	4 016	9 636	4 375	3 264	7 639	1 245	752	1 997
2014	5 710	4 277	9 987	4 646	3 460	8 106	1 064	817	1 881
2015	6 341	6 287	12 628	5 213	3 510	8 723	1 128	2 777	3 905

Tala for omdisponering av dyrka jord i 2015 ligg 11 % høgere enn tala for 2014, då talet var 5 710 dekar.

**Figur 1: Omdisponert areal fordelt på dyrka og dyrkbar jord, sum jordlova og plan- og bygningslova 2007 - 2015, dekar.**

Tala for 2015 viser ein større andel samla omdisponering etter jordlova enn tidlegare år. Dette kjem fyrst og fremst som følgje av ein stor omdisponering av dyrkbar jord gjennom jordlova til vindkraftanlegg i Rogaland. Omdisponeringa av dyrka jord etter jordlova er om lag på linje med tidlegare år.




Figur 2: Omdisponert dyrka og dyrkbar jord fordelt på plan- og bygningslova og jordlova, 2007-2015, dekar.

Fylkesnivå

Under vert det vist nokon tal og presentasjonar for omdisponering på fylkesnivå. Det er då viktig å minna om at desse sakene ikkje er avgjort på fylkesnivå, men i den einkilde kommunen.

Figur 3 viser at kommunane i Sør-Trøndelag fylke har omdisponert mest dyrka jord i 2015, tilsaman 1 426 dekar. Like bak følgjer Rogaland fylke med tilsaman 1 336 dekar dyrka jord. I Oppland fylke vart det samla sett omdisponert 663 dekar dyrka jord. Det alt vesentlege av denne omdisponeringa er vedteke gjennom reguleringsplanar etter plan- og bygningslova.

Kommunane i desse tre fylka stod for ca. 54 prosent av total omdisponering av dyrka jord nasjonalt i 2015. Kommunane i Sør-Trøndelag stod åleine for over 20 prosent av omdisponeringa av dyrka jord nasjonalt i 2015.



Figur 3: Fordeling av omdisponert areal dyrka jord etter lovgrunnlag og fylke, 2015, dekar.

I følge dei endelege tala for 2015 har kommunane i Rogaland (165 dekar), Sør-Trøndelag (134 dekar) og Nordland (122 dekar) dei høgaste tala for omdisponert dyrka jord til andre formål enn landbruk etter jordlova.

Kommunenivå

Dei fem kommunane som har omdisponert mest dyrka jord i 2015 er Ørland (675 dekar), Trondheim (294 dekar), Randaberg (255 dekar), Lunner (218 dekar) og Sandnes (209 daa). Desse fem kommunane sto for 1/4 av all omdisponert dyrka jord nasjonalt i 2015.

Tabell 2: Dei 20 kommunane med mest dyrka jord omdisponert til andre formål enn landbruk i 2015.

Kommune	Omdisponert dyrka jord 2015, dekar
Ørland kommune	675
Trondheim kommune	294
Randaberg kommune	255
Lunner kommune	218
Sandnes kommune	209
Bergen kommune	183
Rennesøy kommune	164
Jevnaker kommune	154
Alta kommune	149
Bjerkreim kommune	141
Herøy kommune (MR)	122
Gjesdal kommune	120
Sola kommune	108
Malvik kommune	95
Stavanger kommune	95
Sarpsborg kommune	90
Selbu kommune	84
Steinkjer kommune	84
Vestby kommune	77
Lindesnes kommune	77
Sum 20 kommuner	3 392
Sum alle landets kommuner	6 341

I tala ligg samfunnsformål som bustader, ulike næringsbygg, skule og barnehage, der kommunane i si rolle som lokal planmyndigheit vel å plassere tiltaka på dyrka jord. I tala ligg òg nasjonale tiltak som større samferdselsutbyggingar og forsvarsformål, der staten har ei sentral rolle. Tala viser altså ein kombinasjon av kommunale avgjerder og gjennomføring av store statlege prosjekt. Særleg vert dette tydeleg for Ørland kommune, der 600 dekar omdisponert areal i 2015 skuldast forsvarsformål knytt til utvidinga av kampflybasen i kommunen. Sjølv om kommunane er lokal planmyndighet, spelar også statlege etatar ein viktig rolle med tanke på å begrense omdisponeringa av dyrka jord rundt om i landet.

2.3 Formål areala vert omdisponerte til

Når kommunane rapporterer i KOSTRA, skal mengde dekar omdisponert areal, både for reguleringsplanar og enkeltsaker etter jordlova, bli fordelte på ei heil rekke ulike formål. Omsynet til jordvernet skal avvegast mot andre omsyn i arealplanlegginga, og sjølv etter jordlova kan omsynet til å verne om arealressursane måtte vike for andre viktige samfunnsomsyn. Tala frå KOSTRA viser kva for andre samfunnsformål jordbruksareala vert tekne i bruk til i omdisponeringssaker.

Tabell 3: Omdisponert areal etter jordlova og plan- og bygningslova fordelt på formål, 2015, dekar.


Formål	Dyrka jordlov	Dyrka pbl	Sum dyrka	Dyrkbar jordlov	Dyrkbar pbl	Sum dyrkbar	Sum d + db
Bustader	479	1 412	1 891	322	776	1 098	2 989
Fritidsbusetnad	116	56	172	91	325	416	589
Næringsbygningar	90	531	621	67	687	754	1 375
Offentleg eller privat tenesteyting	5	273	278	54	60	114	392
Andre bygningar og anlegg	217	166	383	2 020	282	2 302	2 685
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	69	1 564	1 633	41	743	783	2 417
Grøntstruktur	2	433	435	0	214	214	650
Golfbane	0	0	0	0	0	0	0
Forsvarsformål	0	650	650	0	0	0	650
Annet landbruksformål jordlova*	149		149	184		184	333
LNFR der landbruk er utelukket		13	13		356	356	369
LNFR spreidde bygningar		13	13		41	41	53
Bruk og vern av sjø og vassdrag	0	4	4	0	5	5	8
Kombinasjoner av hovedformål pbl		98	98		22	22	119
Sum omdisponert	1 128	5 213	6 341	2 777	3 510	6 287	12 628
Skogplanting	109		109	40		40	149

For 2015 ser vi at det på same måte som tidlegare år er bustader, næringsbygningar og samferdsel som står for størst forbruk av dyrka jord. Desse formåla stod for 66 % av den omdisponerte dyrka jorda i 2015. Dette er heilt på nivå med tidlegare år. Kvart år står bustader, næringsbebyggelse og samferdsel for ca. 2/3 av omdisponeringa. Nytt i år er at forsvarsformål står for hele 10 % av omdisponeringa. Dette skuldast som nemnt utbygging av kampflybasen på Ørland.

Dei same formåla går igjen for dyrkbar jord, sjølv om biletet her er noko meir nyansert. Nytt i år er at kategorien for «andre bygningar og anlegg» er stor. Dette skuldast eit vindkraftprosjekt i Rogaland.

Utbygging til bustader er den klart dominerande årsaka til omdisponering av dyrka jord i landet. Tar ein med at grøntstruktur og samferdselsformål også inngår som formål i nær alle detaljreguleringar for bustadprosjekt, vert detta endå tydelegare. Ein stad mellom ein tredjedel og halvparten av omdisponeringa av dyrka jord i landet skuldast truleg bustadbygging.

Tala for 2015 viser at 25 % av bustadbygginga på dyrka jord vart godkjent gjennom omdisponeringstillating etter jordlova. Dette er noko lavere andel enn det som har vorte rapportert dei siste åra. Rundt 1/4 – 1/3 av bustadbygginga på dyrka jord blir altså kvart år godkjent utan bruk av reguleringsplan. Når det gjeld fritidsbygningar på dyrka jord, vart heile 67 % godkjent gjennom enkeltvedtak etter jordlova i 2015.



Figur 4: Omdisponert areal dyrka jord fordelt på formål i 2015

Det er vedtekne reguleringsplanar som ligg til grunn for tala kommunane rapporterer inn om omdisponering etter plan- og bygningslova. Hovudnormen er at større bygge- og anleggstiltak skal bli behandla gjennom reguleringsplan, og at det i definerte utbyggingsområde i kommuneplanen sin arealdel blir sett krav om reguleringsplan før utbygging. Plan- og bygningslova set likevel ikkje noko klar grense for kva som er å rekne som *større bygge- og anleggstiltak*. Dette inneber at kommunen har høve til å godkjenne mindre utbyggingar direkte gjennom kommuneplanen sin arealdel, utan å krevje reguleringsplan først. Sidan føresegnene om omdisponering i jordlova ikkje gjeld i bebyggelsesområde i kommuneplanen sin arealdel, vil slike utbyggingar ikkje bli fanga opp av KOSTRA-rapporteringas (se elles omtale av feilkjelder i kap. 5).

Areal som vert teke i bruk til byggeverksemd med sikte på jordbruksproduksjon krev ikkje omdisponeringssamtykke etter jordlova. Nye driftsbygningar, gjødselkummar mv. vert dermed ikkje fanga opp i KOSTRA-statistikken med mindre dei blir handsama som reguleringsplan, noko som sjeldan skjer.

Tidlegare undersøkingar frå Bygningsregistret (GAB) har vist at det vert ført opp ca 1 500 slike bygg kvart år. Det vert dermed truleg omdisponert betydelege areal til landbruksbygg kvart år. Vi har ikkje opplysningar om kor stor del av desse areala som er dyrka eller dyrkbar jord.

Areal til skogplanting vert heller ikkje teke med i omdisponeringsstatistikken. Dette skuldast at skogplanting ikkje vert sett som ein irreversibel omdisponering, sidan arealet framleis vil vere dyrkbar jord eller ved rydding egne seg for innmarksbeite. Ved eit framtidig behov for matproduserande areal kan arealet dyrkast opp att.

Omdisponering av areal til anna landbruksformål etter jordlova, altså bruk av arealet som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon slik dette er definert i jordlova, er definert som permanent omdisponert. Slik omdisponering vert dermed teke med på linje med ulike utbyggingsføremål kommunane registrerer gjennom KOSTRA.

3 Jordlova – talet på saker og utfall

3.1 Omdisponeringssaker

Jordlova sett eit forbod mot å nytte dyrka jord til føremål som ikkje tar sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho i framtida ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon. Vil eigaren nytte dyrka eller dyrkbar jord til anna enn jordbruksproduksjon, må ho eller han søke om løyve til omdisponering etter jordlova § 9.

I KOSTRA vert også søknader om frådelling etter jordlova § 12 teke med under talet for omdisponeringssaker dersom delinga fører med seg at dyrka eller dyrkbar jord vert omdisponert.

I 2015 behandla kommunane i alt 1257 saker etter jordlova § 9. Av desse sakene vart 1128 søknader innvilga heilt eller delvis, og 129 søknader vart avslegne. Avslagsprosenten vert da på 10,3. Avslagsprosenten var om lag den same som vi har sett i tidlegare år.


Av tabellen nedanfor ser ein at det har vore ein nokså jamn nedgang i talet på søknader etter jordlova § 9 i perioden 2006 – 2014, mens vi ser ein liten auke i 2015.

Tabell 4 Talet på omdisponeringssaker behandla av kommunane i perioden 2006-2015.

	Innvilga	Avslåtte	Saker i alt	Avslag i %
2006	1962	194	2156	9,0
2007	1963	266	2229	11,9
2008	1707	235	1942	12,1
2009	1356	208	1564	13,3
2010	1461	156	1617	9,6
2011	1267	137	1404	9,8
2012	1211	159	1370	11,6
2013	1205	154	1359	11,3
2014	1065	121	1186	10,2
2015	1128	129	1257	10,3


Av figuren nedanfor ser ein at det er stor forskjell mellom fylka med omsyn på kor mange søknader etter jordlova § 9 som vart behandla i 2015. Flest saker vart det behandla i kommunane i Sør-Trøndelag (164 saker) og Hordaland (125 saker). Men også i kommunane i Møre og Romsdal, Nordland og Troms vart det behandla meir enn 100 slike saker i 2015.

Det lågaste talet på behandla omdisponeringsaker finn vi i kommunane i Aust-Agder, med i alt 17 saker i 2015.




Figur 5. Talet på søknader etter jordlova § 9, avslegne og innvilga, fordelt på fylka i 2015.

Av figur 6 nedanfor går det klart fram at det er stor skilnad mellom fylka når det gjeld talet på behandla søknader om omdisponering i perioden 2006 - 2015. Vi finn det lågaste talet på behandla søknader i kommunane i Aust-Agder med 282 saker, og det høgaste talet i kommunane i Nordland med 2065 behandla saker i denne perioden.



Figur 6. Talet på behandla søknader om omdisponering i perioden 2006-2015 fordelt på fylka.

Det er ikkje berre talet på behandla jordlova § 9-søknader som varierer mykje mellom fylka i denne perioden, men også avslagsprosenten. Vi finn den høgaste avslagsprosenten blant kommunane i Finnmark med omlag 18,9, mens vi finn den lågaste avslagsprosenten i kommunane i Sogn og Fjordane med omlag 4,9. Gjennomsnittleg avslagsprosent for heile landet i perioden 2006-2015 var på 11,2.



Figur 7. Gjennomsnittleg avslagsprosent i saker etter jordlova § 9 fordelt på fylka i perioden 2006 - 2015.

3.2 Delingssaker

Om eigaren av ein landbrukseigedom vil dele frå eit areal, t.d. ei tomt, må ho eller han søke om løyve til deling etter jordlova § 12. Kommunen skal ved si behandling av søknaden mellom anna legge vekt på om delinga legg til rette for ein tenleg og variert bruksstruktur i landbruket.

Jordlova § 12 vart endra med verknad frå 1.7.2013, mellom anna slik at omsynet til busetting kan gi grunnlag for at søknaden kan innvilgast sjølv om andre moment talar mot det. Denne endringa vart tatt inn som eit nytt punkt i KOSTRA-skjemaet frå og med rapporteringsåret 2013. Vidare legg ny jordlov opp til at frådeling av areal som tilleggsjord til annan landbrukseigedom skal verte lettare.


Av tabellen nedenfor går det fram at kommunane behandla i alt 4 113 søknader om deling etter jordlova § 12 i 2015. Av desse søknadene vart 3 826 innvilga heilt eller delvis, og 287 søknader vart avslegne. Dette gir ein avslagsprosent på 7,0. Talet på behandla søknader er om lag like stort som det vi fann i 2013 og 2014. Avslagsprosenten er om lag den same som i åra 2013 og 2014. Den er litt lågare enn i vi ser i åra føre 2013.

Tabell 5 Talet på søknader om deling etter jordlova § 12 behandla av kommunane i perioden 2006 - 2015.

	Samtykker i alt	Med formål tilleggsjord	Av omsyn til busettinga i området	Avslag i alt	Saker i alt	Avslag i %
2006	5079	507		536	5615	9,5
2007	4924	508		574	5498	10,4
2008	4718	544		543	5261	10,3
2009	4360	528		469	4829	9,7
2010	3960	456		353	4313	8,2
2011	4081	491		397	4478	8,9
2012	3773	516		375	4148	9,0
2013	3575	555	513	282	3857	7,3
2014	3692	585	532	274	3966	6,9
2015	3826	625	638	287	4113	7,0


Av dei 3 826 søknadene etter jordlova § 12 som vart innvilga i 2015, vart 638 søknader (16,7 %) innvilga av omsyn til busettinga. 625 søknader (16,3%) av dei innvilga søknadene gjaldt tilleggsjord til annan landbrukseigedom.

Slik det kan vere grunn til å vente seg, er det stor skilnad mellom fylka med omsyn til kor mange delingssaker som vart behandla av kommunane i 2015. Som i dei fleste tidlegare åra finn vi i 2015 det største talet på behandla saker i Nordland med 506 saker, og det lågaste talet saker i Finnmark med 53 saker.




Figur 8. Talet på behandla søknader etter jordlova § 12 i 2015 fordelt på fylka.

Den høgaste avslagsprosenten i 2015 finn vi blant kommunane i Hordaland med 13,9 % og Vest-Agder med 13,3 %. Den lågaste avslagsprosenten finn vi i kommunane i Vestfold med 1 %. Gjennomsnittleg avslagsprosent for delingssaker i heile landet var i 2015 på 7,2 %.




Figur 9. Avslagsprosent i 2015 for søknader etter jordlova § 12 fordelt på fylka.

At det er ulik tal behandla delingssaker fordelt på fylka ser ein at også går att i perioden 2006 - 2015. Det høgaste talet behandla saker finn vi blant kommunane i Nordland med 5908 saker i perioden 2006 - 2015, og det lågaste talet finn vi blant kommunane i Finnmark med 644 behandla saker.



Figur 10. Talet på behandla saker etter jordlova § 12 i perioden 2006 - 2015 fordelt på fylka.

I same periode (2006 - 2015) finn vi også at det også er klår skilnad mellom fylka med omsyn på avslagsprosent på delingsøknader. Den høgaste avslagsprosenten finn vi i kommunane i Rogaland, der i gjennomsnitt 17 % av delingssøknadene vart avslegne i perioden 2006 - 2015. Den lågaste avslagsprosenten finn vi i kommunane i Østfold med 5,3 %. For heile landet var gjennomsnittleg avslagsprosent i denne perioden 9,3 % for kommunane si behandling av søknader etter jordlova § 12.



Figur 11. Gjennomsnittleg avslagsprosent i saker etter jordlova § 12 i perioden 2006 - 2015 fordelt på fylka.

3.3 Nydyrking

For å nydyrka eit areal må eigaren søke kommunen om løyve i samsvar med forskrift om nydyrking (jf. jordlova § 11). Kommunane rapporterer om utfall av handsama søknader i KOSTRA. Tala viser blant anna mengd saker der det er gjeve løyve til nydyrking, og eventuelt kva for vilkår som er sett, og dessutan mengd avslagne saker. Tala seier ikkje i kva grad, eller når, desse areala faktisk vil verte dyrka opp. Dersom tiltaket ikkje er påbyrja innan tre år etter at løyvet vart gjeve, fell løyvet bort.

Tala for tillate nydyrka areal i 2015 var 18 139 dekar. Dette er rundt 400 dekar lågare enn i 2014, likevel eit rimelig høgt nivå samanlikna med tidlegare år. Mengda søknader gjekk òg ned i 2015, samanlikna med 2014. Gjennomsnittsarealet som vart tillate oppdyrka i kvar sak var 21,5 dekar i 2015. Dette er på nivå med tidlegare år. I 2015 vart det behandla i alt 854 søknader om nydyrking. 11 søknader vart avslagne.

Tabell 6: Utfall av handsaming av søknader om nydyrking 2007 – 2015.

År	Tal på søknader	Løyve utan vilkår	Løyve med vilkår	Tal på avslag	Avslag - %	Omsøkt nydyrka areal	Tillate nydyrka areal
2007	547	204	334	9	1,6 %	13 649	13 119
2008	587	232	344	13	1,9 %	15 180	14 157
2009	569	221	337	11	2,0 %	15 755	15 153
2010	689	311	366	12	1,7 %	21 213	19 860
2011	632	267	354	11	1,7 %	17 425	15 875
2012	653	305	342	6	0,9 %	14 287	13 417
2013	644	284	353	7	1,1 %	15 111	14 557
2014	878	405	455	18	2,1 %	19 405	18 572
2015	854	404	439	11	1,3 %	18 832	18 139

Ved behandling av søknad om godkjenning av plan for nydyrking skal kommunen legge særleg vekt på verknaden nydyrkinga kan få for natur- og kulturlandskapsverdiene. Kwart år vert det i nydyrkingssakene stilt vilkår av omsyn til natur og miljø i ca. halvparten av sakene. I 2015 vart det stilt vilkår av omsyn til natur og miljø i 52 % av sakene der godkjenning er gjeve. I 42 av sakene vart nydyrking løyvd med vilkår om redusert areal som følgje av miljøomsyn.


Tabell 7 viser fordeling av vilkår på dei ulike kategoriane. I 2015 vart det sett i alt 717 vilkår fordelt på 439 saker innvilga med vilkår. Det vart satt 199 vilkår av omsyn til biologisk mangfald, 260 vilkår av omsyn til kulturminner, 172 vilkår av omsyn til landskapsbildet, 44 vilkår av omsyn til friluftsliv og 42 vilkår om redusert areal. Ser ein heile perioden samla, er det sett flest vilkår av omsyn til kulturminner, og færrest vilkår av omsyn til friluftslivet.

Tabell 7: Fordeling av vilkår i nydyrkingssaker 2007 – 2015.

	Biologisk mangfold	Kulturminner	Landskapsbildet	Friluftsliv	Vilkår om redusert areal
2007	141	136	138	11	29
2008	153	157	141	30	39
2009	134	158	142	24	30
2010	126	194	119	9	50
2011	122	185	122	17	50
2012	129	190	129	15	44
2013	129	186	153	25	24
2014	172	294	178	44	37
2015	199	260	172	44	42

KOSTRA-tala viser at 226 dekar registrert som A-område for biologisk mangfold vart godkjent nydyrka i 2015. I tillegg vart 705 dekar registrert som B-område for biologisk mangfold godkjent nydyrka i 2015.

Totalt vart 693 dekar ikkje tillate for nydyrking i 2015.

**Figur 12: Tal på tillate nydyrka areal, 2007-2015. Dekar.**

Dei høgaste tala for godkjent nydyrkingssareal i 2015 finn vi i kommunane i Hedmark (3 254 dekar), Oppland (2 897 dekar) og Nord-Trøndelag (2 368 dekar). Kommunane i desse tre fylka står for 47 % av alt tillate nydyrka areal i 2015. Nydyrkinga skjer i hovudsak i husdyrproduksjonsområde.

3.4 Driveplikt

Søknad om varig fritak frå driveplikta

Med verknad frå 1.7.2009 er det i jordlova § 8 ei føresegn om at jordbruksareal skal drivast. Denne føresegna gjeld utan tidsavgrensing. Eigaren må difor sjølv drive den dyrka jorda ho eller han eig, eller jorda må leigast bort som tilleggsjord til andre. Ei slik leigekontrakt skal vere skriftleg, og gjelde for ei tid på minst 10 år. Leigeavtalen skal også gi ei god driftsmessig løysing. Eigaren kan søke om fritak frå driveplikta, anten heilt eller for ein tidsavgrensa periode, sjå jordlova § 8a. Frå og med 2011 er det kun søknader om varig fritak frå driveplikta kommunane rapporterar på gjennom KOSTRA.

Tabell 8: Talet på behandla søknader om varig fritak for driveplikta etter jordlova § 8a i perioden 2011-2015.

	Kommunar som har behandla søknader om fritak frå driveplikta	Søknader innvilga med varig fritak frå driveplikta	Avslått	Søknader i alt	Vedtak med pålegg om driveplikt etter jordlova §8 tredje ledd	Av desse pålegg om bortleige	Av desse pålegg om tiltak av omsyn til kulturlandskapet	Av desse pålegg om skogplanting
2011	32	40	29	69	26	24	1	0
2012	23	24	19	43	71	58	3	10
2013	14	18	25	43	27	25	0	0
2014	21	46	11	57	27	26	1	0
2015	18	14	11	25	5	5	0	0

I 2015 behandla kommunane i alt 25 søknader om varig fritak frå driveplikta. Av desse søknadene vart 14 søknader innvilga og 11 søknader vart avslegne. Talet på behandla søknader er lågare enn det vi elles har sett i denne perioden, mens talet på avslegne søknader er litt lågare enn det som har vore vanleg dei seinare åra.

I 2015 er det ingen fylke som skil seg ut med omsyn på talet søknader om fritak frå driveplikta.

Brot på driveplikta – vedtak om pålegg etter jordlova § 8 tredje ledd

I samband med lovendringa som er nemnt ovanfor, vart det opna for at kommunane kan gi eigaren pålegg når dei finn at det føreligg brot på driveplikta.

Tabell 9 Talet på rapporterte pålegg etter jordlova § 8 tredje ledd, perioden 2011-2015.

	Vedtak med pålegg om driveplikt etter jordlova §8 tredje ledd	Av desse pålegg om bortleige	Av desse pålegg om tiltak av omsyn til kulturlandskapet	Av desse pålegg om skogplanting
2011	26	24	1	0
2012	71	58	3	10
2013	27	25	0	0
2014	27	26	1	0
2015	5	5	0	0

I 2015 vart det gitt i alt 5 pålegg med heimel i jordlova § 8 tredje ledd. Alle desse pålegga var pålegg om å leige bort areal. Desse 5 pålegga er fordelt på 4 fylke. Det er difor ingen fylke eller kommunar som skil seg ut med omsyn til talet på pålegg etter jordlova § 8.

4 Konesesjonslova – talet på saker og utfall

4.1 «Vanlege» søknader om konesesjon (ikkje nedsatt konesesjongsrensse)


Føremålet med konesesjonslova er å få eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest gagnlege for samfunnet. Konesesjonslova fastsett at det er nødvendig med konesesjon for å erverve fast eigedom. Unntaka frå denne konesesjonsplikta er likevel så omfattande at det i praksis berre må søkast om konesesjon for ein liten del av eigarskifta på fast eigedom. Omtala under punkt 4.1 omfattar ikkje konesesjonssaker som har sitt opphav i forskrifter om nedsatt konesesjongsrensse, ergo kallar vi dei «vanlege» konesesjonssaker.

Kommunane behandla i alt 2 615 «vanlege» søknader om konesesjon i 2015. Av desse sakene vart søknaden om konesesjon innvilga utan vilkår i 1 323 saker, innvilga med vilkår i 1 244 saker og 48 søknader vart avslegne. Av dei søknadene som vart innvilga med vilkår vart det sett vilkår om personleg buplikt i 631 saker, og upersonleg buplikt i 99 saker. Rapporteringa gjennom KOSTRA gir ikkje noko svar på kva for andre vilkår enn personleg eller upersonleg buplikt kommunane eventuelt har sett i desse sakene. Talet på behandla saker i 2015 var litt høgare enn tidlegare år.

Tabell 10: «Vanlege» søknader om konesesjon for perioden 2010-2015. Talet på saker.


	Innvilga			Innvilga med vilkår		Avslåtte	Søknader i alt	Avslagsprosent
	Utan vilkår	På vilkår etter § 11	Innvilga i alt	Pers. buplikt	Upers. buplikt			
2010	645	759	1 404	395	53	43	1 447	3,0
2011	1 115	1 197	2 312	645	82	62	2 374	2,6
2012	1 177	1 243	2 420	680	106	63	2 483	2,5
2013	1 042	1 239	2 281	643	71	51	2 332	2,2
2014	1 146	1 335	2 481	721	104	48	2 529	1,9
2015	1 323	1 244	2 567	631	99	48	2 615	1,8

I 2015 vart i gjennomsnitt ca. 50 % av dei «vanlege» konesesjonssøknadene innvilga utan vilkår, ca. 47 % av søknadene vart innvilga med vilkår og ca. 2 % av søknadene vart avslegne. Av figuren nedenfor og tabellen over kan vi sjå at det i 2015 for første gong var ein større del av konesesjonssakene som vart innvilga utan vilkår enn med vilkår.




Figur 13: Andelen søknader om konsesjon som vart innvilga med og utan vilkår i perioden 2010-2015.

Av figuren nedenfor ser vi at det er klår forskjell mellom fylka med omsyn på kor mange «vanlege» konsesjonssaker som vart behandla av kommunane i 2015. Det var behandla flest saker i kommunane i Nordland, med i alt 324 saker, og færrest saker i kommunane i Finnmark, med 48 saker.



Figur 14: Talet på behandla «vanlege» konsesjonssaker i 2015 fordelt på fylka.

Av figur 15 ser vi at det er stor variasjon mellom fylka også når det gjeld kva som vart utfallet av kommunane sin behandling av søknadene om konsesjon. Det er kommunane i Nordland som har innvilga den største delen av sakene (ca. 72 %) utan vilkår i 2015. Det er kommunane i Østfold som har den lågaste delen innvilga søknader utan vilkår, med ca. 27 %.



Figur 15: Fordeling av utfall av søknadene om «vanleg» konsesjon i prosent fordelt på fylke for 2015.

Talet på søknader om vanleg konsesjon som vart avslegne i 2015 er så lågt (48 saker) at det ikkje gir noko tilfredsstillande grunnlag for å undersøke eventuelle fylkesvise forskjellar.

4.2 Søknader om konsesjon der søkeren er eit aksjeselskap/ASA

KOSTRA-skjemaet vart i 2012 utvida med eit spørsmål om konsesjon til aksjeselskap. Vi gjer merksam på at desse sakene også er med i talet på «vanlege» konsesjonssaker.

Tabell 11: Talet på saker der søkaren er eit aksjeselskap, fordelt på utfall og år.

	Innvilga	Avslått	Saker i alt
2012	21	3	24
2013	36	8	44
2014	37	7	44
2015	34	4	38

I 2015 vart det behandla i alt 38 saker der konsesjonssøkar var eit AS/ASA, fordelt på i alt 33 kommunar. Av desse 38 sakene vart 34 saker innvilga og 4 saker vart avslegne. Det er i Oppland og Troms kommunane har behandla det største talet slike saker, med 6 saker i Oppland og 5 saker i Troms.

Rapporteringa på denne sakstypen vart starta først opp frå året 2012. Det er få saker i denne kategorien. Landbruksdirektoratet har henta inn sakene i denne kategorien frå kommunane for året 2014, og vil kome tilbake med ein gjennomgang av innhaldet i desse på eit seinare tidspunkt.

4.3 Saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd

Endringa av konsesjonslova i 2009 ga oss ein ny type konsesjonssaker. Dette er saker der søkaren i utgangspunktet kan ta over eigedommen konsesjonsfritt, men der ho/han ikkje kan eller vil busette seg der. Vedkommande må da søke om konsesjon.


Talet på slike saker behandla av kommunane som førsteinstans var litt høgare i 2015 enn tidlegare år. I tida etter at denne lovendringa vart innført ser vi av tabellen at talet på behandla søknader har gått både opp og ned. Det same gjeld avslagsprosenten.

I 2015 vart det behandla i alt 307 søknader om konsesjon etter konsesjonslova § 9 siste ledd. Av desse søknadene vart 94 innvilga utan vilkår, 187 søknader var innvilga med vilkår og 26 søknader vart avslegne. Dette gir ein avslagsprosent på 8,5 %.

Tabell 12: Talet på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd, behandla av kommunane som førsteinstans, 2010-2015.

	Innvilga			Søknader innvilget med vilkår			Avslåtte	Søknader i alt	Avslagsprosent
	Utan vilkår	På vilkår	I alt	Pers. buplikt	Upers. buplikt	Seinare tilflytting			
2010	270	533	803	218	59	174	42	845	5,0
2011	109	231	340	*	44	180	39	379	10,3
2012	75	253	328	*	42	205	24	352	6,8
2013	77	202	279	*	57	125	12	291	4,1
2014	64	173	237		43	115	20	257	7,8
2015	94	187	281		36	138	26	307	8,5

* Det vert ikkje rapportert om dette etter 2011




Figur 16: Talet på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd fordelt på utfall og fylke. Saker behandla av kommunane i 2015.

I 2015 finn vi at kommunane i Oppland og Nordland har behandla flest slike saker, med 39 saker i Nordland og 36 saker i Oppland.


Talet på slike saker behandla i kvart fylke er såpass lågt at det er vanskeleg å seie noko rimeleg sikkert om forskjellar mellom fylka med omsyn til utfallet av kommunane si behandling av desse sakene. Av figuren ovanfor kan vi sjå at relativt mange saker i Nordland er innvilga utan at det er sett noko vilkår, mens vi i Oppland kan sjå av figuren at det vart sett vilkår i dei alle fleste sakene som vart innvilga.

Av figur 17 kan vi sjå at det varierer noko mellom fylka i perioden 2010-2015 kor mange slike saker kommunane har behandla. Det er kommunane i Oppland som har behandla flest slike saker med 256 saker, mens kommunane i Finnmark har behandla færrest saker med 14 i same periode.



Figur 17: Tal på saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd i perioden 2010-2015 fordelt på fylke.

Av figur 18 kan vi sjå at det som venta er noko variasjon mellom fylka når det gjeld kor stor del av desse sakene som vert innvilga med og utan vilkår i denne perioden. I Hordaland og Nordland vert om lag like mange saker innvilga utan og med vilkår, mens vi til dømes i Østfold, Oslo og Akershus, Hedmark, Oppland og Telemark ser at ca. 20 % av vert innvilga utan vilkår.



Figur 18: Saker etter konsesjonslova § 9 siste ledd i perioden 2010-2015 fordelt på utfall og fylke. Tal i prosent.

4.4 Nedsett konsesjonsgrense


For å sikre omsynet til fast busetjing kan kommunen søke om å få innføre forskrift etter konsesjonslova § 7, også kalla «nullgrenseforskrift». Ei slik forskrift sett konsesjonsfridomen ut av spel for heile eller delar av kommunen, og gjeld for eigedomar som er heller har vore nytta til heilårsbustad eller er regulert til bustadformål. Tar ein over ein slik eigedom og vil nytte han til fritidsformål, må ein søke om konsesjon.

Kommunane behandla i alt 54 saker etter forskrift med heimel i konsesjonslova § 7 i 2015. Av desse sakene vart 48 søknader innvilga, og 6 søknader vart avslagne. Av tabellen ser vi at det er ein markant nedgang i talet på slike saker som vart behandla av kommunane i 2015 samanlikna med tidlegare år.

Tabell 13: Talet på saker behandla av kommunane med heimel i forskrift etter konsesjonslova § 7 i perioden 2010-2015


	Innvilga i alt	Avslåtte	Avslagsprosent	Saker i alt
2010	158	17	9,7	175
2011	169	28	14,2	197
2012	120	43	26,4	163
2013	110	21	16,0	131
2014	105	17	13,9	122
2015	48	6	11,1	54

I 2015 har i alt 47 kommunar oppgitt at dei har ei forskrift etter konsesjonslova § 7 i følgje KOSTRA-rapporteringa. Krødsherad har no oppheva den forskrifta dei hadde etter gammel lov, slik at det no ikkje er att kommunar med slik «gammel» forskrift. Den utviklinga ein kan sjå i figuren nedenfor viser ein relativt klår trend der det no er færre kommunar som har slik forskrift.




Figur 19: Talet på kommunar som har forskrift etter konsesjonslova § 7 i følgje KOSTRA-rapporteringa i perioden 2010-2015.

Sjølv om talet på slike saker er relativt lågt både for landet og for dei einssilde fylka, så viser figur 20 at det er klar skilnad mellom fylka med omsyn til kor mange slike saker som vart behandla i 2015.




Figur 20: Talet på konsesjonssaker behandla av kommunane i 2015 med grunnlag i forskrift etter konsesjonslova § 7, fordelt på fylka.

Som vi ser av figuren nedenfor, er det stor variasjon mellom åra med omsyn på talet på saker som vert behandla i kommunane med nedsett konsesjonsgrense. Det er viktig å vere merksam på at det frå eit år til det neste kan vere skilnad på talet på kommunar som til ei kvar tid har slik forskrift. I gjennomsnitt vart 15,2 % av desse sakene avslagne i perioden 2010-2015.



Figur 21: Søknader om konsesjon som følge av at kommunen har innført forskrift etter konsesjonslova § 7, talet på innvilga og avslåtte saker. Perioden 2010-2015.

Som vi har sett av figuren nedenfor, er det ein nedgang i talet på kommunar som har forskrift etter konsesjonslova § 7 i denne perioden. Ser vi nærare på talet på slike søknader som vart behandla av desse kommunane i same periode, finn vi at det har vore ei auke i tal behandla saker frå 2005 til og med 2009, mens talet på behandla søknader har gått ned i åra etter.



Figur 22: Talet på kommunar med forskrift etter konsesjonslova § 7 og talet på søknader behandla etter denne forskrifta i perioden 2010-2015.

Figuren over syner at det ikkje er nokon fullstendig samanheng mellom talet på kommunar med forskrift etter konsesjonslova og talet på behandla saker etter slik forskrift. Sjølv om det ikkje er fullt ut dei same kommunane som har slik forskrift kvart år, kan det synast som om nokre kommunar som behandla mange slike saker kvart år, ikkje lengre har forskrift og dermed er falle ut av statistikkgrunnlaget.

4.5 Nedsett konsesjonsgrense – slektskapsunntaket sett ut av kraft

Ei endring i konsesjonslova, sett i kraft 1.7.2009, gjer det mogleg for kommunane å innføre forskrift som også sett slektskapsunntaket i konsesjonslova (§ 5 første ledd nr. 1) ut av kraft. Dette inneber at nære slektingar av tidlegare eigar må søke konsesjon dersom dei ønskjer å nytte ein tidlegare heilårsbustad til fritidsføremål.

Tabell 14: Talet på kommunar med forskrift som sett konsesjonslova § 5 nr. 1 ut av kraft, og saker behandla etter denne regelen i perioden 2010-2015.

	Innvilga	Avslåtte	Saker i alt	Kommunar som har satt slektskapsunntaket ut av kraft ved forskrift
2010	22	1	23	..
2011	6	1	7	10
2012	14	2	16	8
2013	17	0	17	11
2014	9	0	9	10
2015	2	0	2	6

Som vi kan sjå av tabellen, har vi berre data for tida 2010-2015. Kommunane har behandla relativt få slike saker kvart år, så det er vanskeleg å seie noko om utviklinga for denne sakstypen.

5 Kvalitet på talmaterialet

5.1 Foreløpige og endelege tal

Fristen for førebels rapportering er 15. februar, og for endeleg rapportering er fristen i juni. I år var det 391 av 428 kommunar (91 %) som hadde rapportert ved førebels rapporteringsfrist. Som tidlegare år har det vore endringar i tala i tida frå førebels til endelege tal. Som regel aukar tala for omdisponering noko frå førebels til endeleg rapportering.

Tabell 15: Andel kommunar som har rapportert, antall dekar omdisponert areal, samt prosentvis endring mellom foreløpige og endelege tal, 2005 – 2015.

År	Foreløpige tal				Endelege tal				Endelege tal i % av foreløpige		
	Andel kommunar	Omdisp etter jordlov	Omdisp etter PBL	Sum jordlov og PBL	Andel kommunar	Omdisp etter jordlov	Omdisp etter PBL	Sum jordlov og PBL	Jordlov	PBL	Sum jordlov og PBL
2005	77 %	4 052	10 467	14 519	96 %	4 438	13 510	17 948	110 %	129 %	124 %
2006	87 %	4 196	8 499	12 695	99 %	4 785	9 352	14 137	114 %	110 %	111 %
2007	92 %	4 345	10 521	14 866	98 %	4 456	10 986	15 442	103 %	104 %	104 %
2008	89 %	3 875	12 640	16 515	99 %	4 040	12 402	16 442	104 %	98 %	100 %
2009	88 %	3 395	11 117	14 512	98 %	3 607	11 557	15 164	106 %	104 %	104 %
2010	92 %	3 562	9 749	13 311	97 %	2 999	9 908	12 906	84 %	102 %	97 %
2011	94 %	2 400	7 752	10 152	99 %	2 660	8 325	10 985	111 %	107 %	108 %
2012	93 %	2 385	8 477	10 862	98 %	2 428	9 211	11 639	102 %	109 %	107 %
2013	93 %	2 335	7 615	9 950	99 %	2 587	7 639	10 226	111 %	100 %	103 %
2014	90 %	1 949	7 563	9 512	99 %	2 133	8 106	10 239	109 %	107 %	108 %
2015	91 %	4 140	8 432	12 572	99 %	4 054	8 723	12 777	98 %	104 %	102 %

NB: Tala inkluderer alle formål (areal til skogplanting er inkludert).

5.2 Kvalitetssikring og evaluering

Det er naudsynt å arbeide kontinuerleg for å betre kvaliteten på datainnsamlinga, no som tidlegare. Det nye målet om redusert årleg omdisponering av jordbruksjord gjer det påkrevd med mest mogleg pålitelege data over årleg omdisponering. Dette gjeld både tiltak som gjev betre arealopplysningar under arbeid med arealplansaker som berører landbruksareal, og tiltak for sjølve innrapporteringa av kor mykje areal som vert omdisponert.

Ved endeleg rapportering i 2015 hadde 99 % av kommunane levert skjema for landbruk. Det vil seie at berre 3 kommunar ikkje har rapportert. Svarprosent frå kommunane har dei seinare åra lege på rundt 99 prosent. Ved frist for endeleg rapportering i juni 2016 mangla det svar frå tre kommunar: Flesberg (Buskerud) og Snillfjord (Sør-Trøndelag) og Båtsfjord (Finnmark).

Kvalitetssikring av rapporteringa skjer i regi av SSB. SSB gjennomfører maskinelle kontrollar av innsendte skjema, og gjer puringar på kommunar der skjema manglar, eller skjemaet er ufullstendig utfyllt. I desse puringane vert det òg brukt vurderingar som vert innhenta frå landbruksavdelingane hos Fylkesmannen. Landbruksavdelingane baserer seg på kva som er normal aktivitet i kommunane, og dessutan kjennskapet sin til kva for saker embeta har hatt på høyring, og gjer vurderingar av om einskilde kommunar kan ha feilrapportert.

Kommunane kan hente KOSTRA-skjemaet frå internett, og sender inn skjemaet via ein online-løysing. Dette gjer at kommunane kan legge tala inn i eit elektronisk skjema og overføre dette elektronisk til SSB. NIBIO tilbyr vidare ei kartløysing der kommunane kan søke opp eller zoome seg inn på eit kartutsnitt og berekne det arealmessige omfanget av dyrka og dyrkbar jord som vert berørt i ei enkeltsak eller ein reguleringsplan. Det er òg mogleg å laste opp eigne digitale reguleringsplanar og gjere ein overlayanalyse av desse mot arealressurskart AR5.

Manglande rapportering frå enkeltkommunar kan gje underrapportering i talgrunnlaget. Andre moglege feilkjelder i rapporteringa kan vere uriktig oppgitt storleik på areal, og mengd og utfall av saker, i rapporteringa frå dei ulike kommunane. Kommunane har tidlegare gitt tilbakemeldingar som tyder på at det opplevast arbeidskrevjande å fylle ut skjemaet, og at rettleiinga kunne vore betre. Kommunane rapporterer ikkje fortløpande gjennom året når vedtak blir fatta, men gjennom ein samla rapportering ein gong i året. Dette gjev grunn til å tru at det stadig kan vera ein del feil i rapporteringa. I tillegg har saksinnhenting på bakgrunn av KOSTRA-tal utført av Landbruksdirektoratet tidlegare gitt grunn til antakelser om feilrapportering, då hovudsakleg på konsesjonsområdet. Dette tyder på at skjemaet og rettleiinga stadig bør gjennomgåast med tanke på klargjering. Det er likevel vanskeleg å anslå omfanget av feilrapportering utan grundigare evaluering.

Før 2005 vart resultatinformasjon på landbruksområda innhenta via saksbehandlingssystemet AJOUR. Kommunane var pålagt å bruke AJOUR til og med året 2003. I perioden 2002-2004 vart omdisponering etter plan- og bygningslova rapportert i KOSTRA på skjema for "Kulturminner, natur og nærmiljø" (KNNM). 2004 var eit unntaksår med omsyn til rapportering på praktisering av jord- og konsesjonslovgivninga, då AJOUR var teke ut av bruk utan at nytt system for rapportering var på plass. I tidsseriane i vedlegget til denne rapporten manglar difor tal for 2004, med unntak av tal for omdisponert areal og godkjend nydyrka areal.

Rutinene for kommunane si rapportering på omdisponert areal vart dermed lagt om frå og med 2005, noko som etter alt å dømma medførde underrapportering. Landbruksdirektoratet har tidlegare antatt at den markante reduksjonen vi ser for omdisponering i 2005 og 2006 med stort sannsynlegheit skuldast feil og manglar i rapporteringa.

